

Austevoll kommune

Planprogram for

kommuneplanens
samfunnsdel

og

arealdel

Planprogram kommuneplan

Austevoll kommune

Innhald:

.....	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
1. BAKGRUNN FOR PLANARBEID	2
VEDTAK	2
TIDSPERSPEKTIV	2
2. FØRESETNADAR FOR PLANARBEID	2
2.1 LOVER, FORSKRIFTER OG STORTINGSMELDINGAR	2
2.2 RIKSPOLITISKE RETNINGSLINJER	2
2.3 REGIONALE FØRINGAR	3
2.4 INTERKOMMUNALT SAMARBEID	3
2.5 ANDRE KOMMUNALE PLANAR	4
2.6 FØRINGAR FOR AREALPOLITIKKEN I AUSTEVOLL KOMMUNE	4
2.7 FØRINGAR FOR SAMFUNNSPOLITIKKEN I AUSTEVOLL KOMMUNE	5
3. MÅL MED PLANARBEIDET	5
3.1 LANGSIKTIGE MÅL	5
3.2 RESULTATMÅL	5
3.3 PROSESSMÅL	5
4. MOGLEGHEITER OG UTFORDRINGAR I AUSTEVOLL	5
4.1 AUSTEVOLL I DAG	5
4.2 FOLKETALSUTVIKLING	6
4.3 ØKONOMI	6
4.4 NÆRINGS LIV	6
5. KOMMUNEN SINE ULIKE ROLLER	7
5.1 AUSTEVOLL KOMMUNE SOM TENESTEY TAR OG VELFERDPRODUSENT	7
5.2 AUSTEVOLL KOMMUNE SOM SAMFUNNSUTVIKLAR	8
6. DEN VIDARE UTVIKLINGA AV AUSTEVOLL	8
7. KOMMUNEPLANEN – SAMFUNNSDEL OG AREALDEL	9
7.1 LIVSKVALITET – OPPVEKST OG HELSE	9
7.2 KULTUR OG OPPLEVINGAR	9
7.3 EIT TRYGT SAMFUNN	10
7.4 AUSTEVOLL SOM SENTER FOR MARITIM, MARIN OG OFFSHORE NÆRING	11
7.5 AREALFORVALTING	12
7.6 MILJØ OG KLIMA	14
7.7 UTBETRE VEG OG KOLLEKTIVTRANSPORT	15
8. PROSESS OG OPPLEGG FOR MEDVERKNAD	16
9. KONSEKVENSGREIING	17

1. Bakgrunn for planarbeid

Formålet til kommuneplanen er å sikre ei mest mogleg heilskapleg planlegging og styring av dei kommunale oppgåvene og ansvarsområda. Planen skal vere eit brukande verktøy for politikarar og administrasjon, så vel som for innbyggjarane i kommunen.

Ein kommuneplan består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen drøftar kommunens viktigaste oppgåver, moglegheiter og utfordringar, og fortel korleis kommunen tenker å løyse desse og å planlegge for å møte utfordringane på ein god måte. Desse strategiske vala vil også leggje føringar for kommuneplanens arealplan.

Arealplanen skal ta omsyn til mange interesser, som lokale utviklingstrekk og behov, innanfor eit område der det er ei lang rekke sentrale regionale og nasjonale lover, forskrifter og retningslinjer. Innbyggjarane skal også ta del i planarbeidet gjennom høyringar og informasjonsarbeid. Der det er naudsynt og relevant skal arealdelen følgje opp målsettingar og tiltak i samfunnsdelen. Kommunens arealplan består av tre deler; eit plankart, ei planskildring, og føresegn som er direkte knyta til plankartet.

Vedtak

Gjeldande kommuneplan for Austevoll, beståande av areal- og samfunnsdelar, vart godkjend av kommunestyret 18.06.2013.

Planen har eit tidsperspektiv til 2023. Etter at planen vart godkjent kom det tidleg til uttrykk at han hadde manglar og at det var trong for ei revidering. Det blei gitt føringar å revidere arealdelen med plankart og føresegn, og samfunnsdelen.

Det er eit politisk ønskje at kommuneplan skal reviderast i inneverande valperiode. Gjennom vedtak i kommunestyret 2014, sak 138/14, løyvde Austevoll kommunestyre pengar til revidering av kommuneplanen. Som følgje av vedtaket vart offentlege instansar orienterte 20.01.2015 om oppstart av planprogram, og det vart opna for innspel.

Arbeidet vart ikkje prioritert i 2015. Gjennom 2016 har kommunen utarbeid ein planstrategi, vedteke i kommunestyret 10.11.2016. Planstrategien legg føringar for arbeidet med planprogram og kommuneplan.

Framlegget til planprogram er utarbeid etter plan- og bygningslovens (heretter «pbl.») §§ 4-1 og 11-13.

Tidsperspektiv

Kommuneplanen skal ha eit planperspektiv på 10-12 år. Planen bør også drøfte utviklingstrekk i eit lenger tidsperspektiv, til dømes fram til 2042.

2. Føresetnadar for planarbeid

2.1 Lover, forskrifter og stortingsmeldingar

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan i medhald av pbl. § 11-1 og kommunelova § 5.

Kommunal planlegging skal ivareta både kommunale, regionale, nasjonale mål, interesser og oppgåver.

2.2 Rikspolitiske retningslinjer

Regjeringa har samla nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging i kongeleg resolusjon av 12.06.2015. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planlegging i kommunane, og dei skal bidra til at kommunane tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga.

Forventningane er sentrert til desse tema:

- Gode og effektive planprosessar
 - Enklare regelverk og betre samarbeid
 - Målretta planlegging
 - Auka bruk av IKT i planlegginga
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
 - Eit klimavenleg og trygt samfunn
 - Aktiv forvaltning av natur- og kulturverdiar
 - Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse
- Attraktive og klimavenlege byar og tettstadsområde
 - Samordna bustad, areal- og transportplanlegging
 - Eit framtidsretta og miljøvennlig transportsystem
 - Levande by- og tettstadsentre
 - Helse og trivsel

2.3 Regionale føringar

Det må drøftast og vurderast korleis regional planstrategi og regionale planar skal takast omsyn til i den kommunale planlegginga. Gjeldane regional planstrategi vart vedteken i Hordaland fylkesting 13.12.2016. Regional planstrategi er ein overordna utviklingsplan der følgjande innsatsområder er framheva.

- Høg sysselsetting
- Inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

Andre gjeldande regionale planar er:

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland
- Regional plan for folkehelse
- Regional næringsplan
- Klimaplan for Hordaland 2010-2020
- Regional plan for transport Bergensområdet
- Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (vedteke 2017, men ligger hos departementet for vurdering, jf. pbl. § 8-4)

Regionale planar som er under arbeid:

- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft
- Regional plan for vatn

2.4 Interkommunalt samarbeid

Der det er føremålstenleg kan kommunen samarbeide om planarbeid med andre kommunar.

Austevoll kommune har interkommunalt samarbeid innanfor desse fagområda:

- Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardangerfjorden (i arbeid)

- Beredskapsplan for IUA-Bergensregionen
- KystROS 2014 for Askøy, Austevoll, Fjell, Sund og Øygarden kommunar
- Avfallshandtering gjennom Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM)
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Midthordland Kompetanseregion

2.5 Andre kommunale planar

Det er trong for ein gjennomgang og revidering av andre kommunale planar. Arbeidet bør resultere i forenkla plansystemet, med planar som i større grad grip på tvers av fag, sektorar og arbeidsområde, til dømes innan veg, kollektivtransport, arealbehov og miljøutfordringar. Det same gjeld innanfor helse, oppvekst, areal og miljø. Planane bør ha ei utforming slik at dei vert eit brukande verktøy for politisk og administrativt nivå.

Politisk vedtak i 2016 sette føringar for at planane nedanfor skal takast inn i arbeidet med kommuneplanen:

- Kulturminneplan (vedtatt)
- Eldrestrategi (i arbeid)
- Rammeplan for kulturskolen – Mangfald og fordjuping. Denne skal trekkast inn i kommuneplanens samfunnsdel i tråd med vedtak i tenesteutvalet, sak 021/16: «*Rammeplan skal ved neste høve innarbeidast i kommuneplan sin samfunnsdel.*»

Lovpålagte oppgåver er:

- Revisjon av ruspolitisk handlingsplan 2017 (revidering i arbeid)

Vedlagt ligg oversikt over kommunale planar som er vedtekne i Austevoll kommune. Sjå vedlegg 2.

I tillegg til planane bør kommunen vurdere å utarbeide eller revidere følgjande forskrifter:

- Plan for kommunale vegar
- Hummarfredingsområde
- Alkoholpolitisk plan
- Skiltnorm

2.6 Føringar for arealpolitikken i Austevoll kommune

Formålet med arealpolitikken er å legge til rette for vekst, gjennom å sikre gode område for næringsverksemd, også i sjø, og bustad. Gjennom arealpolitikken skal ein òg sørge for at viktige natur-, landbruks og friluftsområde vert tekne vare på, blant anna slik at dei gode naturkvalitetane som finst i dag vert tekne vare på for framtidige generasjonar.

Ein heilskapleg arealpolitikk skal redusere potensielle konflikhtar mellom ulike arealformål, redusere behovet for dispensasjonar og stadige endringar i gjeldande planar, og legge til rette for at Austevoll-samfunnet kan utvikle seg vidare. Det skal førast ein politikk for utvikling som tek omsyn til miljøet og klimautfordringane, og som sikrar gode, livs- og berekraftige lokalsamfunn.

Austevoll kommunestyre vedtok kommunal planstrategi 10.11.2016. Denne legg dei overordna føringane for kommunens planarbeid. Etter gjennomgang av kommuneplanens arealdel vert det tilrådd følgjande prioriteringar:

- Plankartet vert oppdatert
- Det vert utarbeidd nye føresegner
- Det vert lagt opp til betre planlegging i sjø

- Planlegging av utbyggingsområde – der ein kan differense i føresegna mellom ulike geografiske områder
- Planlegging av strandsona – med differensierte føresegner for ulike geografiske områder

2.7 Føringer for samfunnspolitikken i Austevoll kommune

I arbeidet med planstrategien kom det fram at gjeldande samfunnsdel i kommuneplanen ved revidering bør supplerast med desse temaa:

- Samfunnstryggleik og beredskap
- Langsiktig folkehelsearbeid
- Oppvekstvilkår og helse
- Klima- og miljøutfordringar
- Ivareta universell utforming
- Medverknad frå innbyggjarane

3. Mål med planarbeidet

3.1 langsiktige mål

Overordna mål med planarbeidet er å revidere kommuneplanen.

Samfunnsdelen skal gi overordna mål og føringer for utvikling av samfunnet og for kommunen som organisasjon. Det skal vere ein tydeleg kopling mellom samfunnsdelen, arealdelen, plankart og føresegn.

Målsettinga til kommuneplan er:

- Gi retning, sette rammer og vere styrande for kommunens arbeid
- Famne om alle innbyggjarar
- Vere eit grunnlag for politiske avgjersler
- Vere eit verktøy for planarbeid i kommunen
- Leggje til rette for at innbyggjarane er involverte i planarbeidet.

3.2 Resultatmål

Målet med planprogrammet er:

- Setje rammer for arbeidet som skal gjennomførast i framtidig planarbeid.
- Vurdere om framtidige utviklingstrekk og utfordringar gir behov for ny kartleggingar, utgreiingar og nye planar.
- Klargjere korleis kommunen skal arbeide med kommuneplan, samfunns- og arealdel.
- Prioritere satsningsområde i kommuneplan.

3.3 Prosessmål

1. Planarbeidet skal vere tydeleg og gjort kjent for innbyggjarane, og innbyggjarane skal involverast i arbeidet.
2. Arbeidet skal vere innarbeidd i sentraladministrasjonen og blant medarbeidarane i kommunen.
3. Prosessen skal vere politisk forankra.

4. Moglegheiter og utfordringar i Austevoll

4.1 Austevoll i dag

Austevoll er ein kommune og ei øygruppe i Midthordland. Kommunen grensar i sjø til Sund, Bergen, Os, Tysnes, Fitjar og Bømlo. Kommunikasjon er ferjesamband mellom Hufthamar og Krokeide mot nord, ferje mellom Husavik og Sandvikvåg mot sør, og snøggbåten mellom Bergen og Sunnhordland som anløper i Hufthamar og Bekkjarvik. Øygruppa er for det meste bunden saman med veg og bruer, men kring 60 innbyggjarar bur på øyer som er tilgjengelege med lokalbåt. Det er Hordaland fylkeskommune som har ansvaret for kommunikasjon internt og til og frå kommunen.

Austevoll er eit av dei leiande samfunna i Noreg for dei tre havbaserte næringane havbruk, fiskeri og offshore. Kommunen har eit høgt tal aktive aksjeselskap, og mange Austevoll-bedrifter har verksemder andre stader i Norge og i utlandet. I samband med redusert aktivitet i petroleumssektoren er viktige delar av næringslivet i Austevoll, blant anna offshorearlag, råka av mangel på oppdrag. Andre delar av næringslivet, som fiskeri og havbruk, har til gjengjeld relativt gode økonomiske tider.

Særleg gjennom det siste tiåret har Austevoll hatt eit veksande folketal, der ein stor del av dette skuldast innvandring. Kommunen har i underkant av 600 innbyggjarar som er innvandra, særleg frå innanfor EU/EØS-området, landa i Baltikum og Polen.

4.2 Folketalsutvikling

Per 2. kvartal 2017 har kommunen 5.207 innbyggjarar. Folkeveksten frå januar 2016 til januar 2017 var 65 personar. 609 av innbyggjarane har innvandrarbakgrunn. Forventa levealder til dagens nyfødde er 80 år for menn og 84,3 år for kvinner.

Under ligg framskrivingar for folketal frå SSB (basert på tal fra 2015) for Austevoll kommune.

	Talet på personar	over 70 år	80 år og over		Talet på personar under 20 år	Talet på personer 20-69
2016	5118	542	211		1451	3125
2040	6951	1036	501		1879	4036

Det må leggast til grunn at framskriving av folketal vil inntreffe, slik at planlegginga for fleire innbyggjarar må vere eit viktig tema både innan areal- og samfunnsplanlegginga. Kommunen er ein vekstkommune og regionale analyser seier at kommunen vil vekse med cirka 100 personar kvart år dei neste 20 åra.

4.3 Økonomi

Kommunens økonomi legg rammene for kommunen som tenesteproducent og samfunnsutviklar. Revidert rekneskap for 2016 viser at kommunen har kr 412,4 millionar i driftsinntekter, kr 395,2 millionar i driftsutgifter (inkludert avskrivningar). Brutto driftsresultat i 2016 var kr 17,3 millionar, tilsvarende 4 pst. av driftsinntektene. Netto driftsresultat i 2016 var kring kr 11 millionar, dette utgjør 3 pst. av driftsinntektene. Tilrådd måltal for netto driftsresultat er minimum 1,75 pst.

Per 31.12.2016 har kommunen kr 437 millionar i langsiktig lånegjeld, tilsvarende 106 pst. av inntektene. Delar av gjelda er såkalla sjølvfinansierande, finansiert gjennom Husbanken, statlege eller private løyvingar, eller tippemidlar.

Netto lånegjeld per innbyggjar er kr 80 276.

4.4 Næringsliv


Det er ei overordna målsetting å legge til rette for næringsutvikling i kommunen innanfor alle sektorar. Austevoll har store fortrinn, med eit variert næringsliv, basert på fiskeri, oppdrett og offshore — og næringslivet har høg og unik kompetanse innanfor desse næringane. Kommunen har også verksemder som er underleverandørar til desse tre bransjane, som er spesialistar på sine fagfelt. Tilsaman har kommunen 1.034 bedrifter og enkelmannsføretak.

Kommunen er ein aktiv samarbeidspart for næringslivet. Austevoll har stort potensial til å vidareutvikle opplevingar knytt til mat, overnatting, friluftsliv og kultur.

Austevoll vidaregåande skule og fagskulen i Austevoll, er viktige for kommune og næringsliv.

Det er stort sannsyn at den positive folketalsutviklinga i Bergen og omland held fram, og at det vil ha ringverknadar for Austevoll kommune. Austevoll-samfunnet er avhengig av eit godt ferjetilbod. Med god ferjeavgangar og hyppige snøggåttavgangar vil Austevoll bli ein viktigare pendlarkommune, med auka pendlartal særleg til og frå Bergen.

Hva innbyggerne arbeider med



Kilde: Registerbasert sysselsetting, Statistisk sentralbyrå

5. Kommunens ulike roller

5.1 Austevoll kommune som tenesteytar og velferdproducent

Kommunen har ei rekke oppgåver som tenesteytar. Samfunnet er i kontinuerlig utvikling og omstilling. Det stiller nye krav til kommunen. Digitalisering innanfor tenesteområder er eit utviklingstrekk kommunen må ta omsyn til. Frå statleg hald er digitalisering er eit prioritert område. Å skape ei effektiv, fleksibel og moderne drift av tenestane er eit satsingsområde. Kommunen må ta i bruk nye verktøy og metodar. Austevoll kommune er ein stor organisasjon med 259 ansette.

	Talet på tilsette	Årsverk
--	-------------------	---------

Kvinner	118	92
Menn	45	27
Undervisningspersonale:		
Kvinner	63	56
Menn	17	17
Totalt tal på tilsette	243	
Totalt årsverk		192

Kommunen er styrt etter formannskapsmodellen, med rådmannen som øvste administrative leiar. Han har ei leiargruppe med kommunalsjefar med ansvar for desse tre tenesteområda:

- Oppvekst
- Helse og omsorg
- Utvikling og forvaltning

Kommunen har siden 2008 overført delar av kommunale tenester til privat bedrifter. Viktige kommunale tenester er konkurranseutsette eller vert utført av private eller ideelle aktørar.

5.2 Austevoll kommune som samfunnsutviklar

Arbeid med lokal samfunnsutvikling er noko kommunen gjer i nært samarbeid med lokalt næringsliv, frivillige organisasjonar, regionale og statlege aktørar og nabokommunar.

Areal- og samfunnsplanlegging står sentralt i utviklingsarbeidet og er grunnleggande for velferdssamfunnet. Kommunen har merksemd på næringsutvikling, arealforvaltning, herunder i strandsona, friluftsliv i eit folkehelseperspektiv og trivselsprosjekt.

Kommunen vil få ei stor gruppe med eldre som vil ha behov for tenester innanfor helse og omsorg. Veksten i folketal gir også auka behov for flere barnehage- og skuleplassar. Nye innbyggjarar frå utlandet har behov for oppfølging, opplæring og informasjon for å bli raskt integrerte i Austevoll-samfunnet.

Kommunen har utvida og rehabilitert skulane i løpet av dei siste 10 åra. Planlegging av utviding og utbetring av Austevoll ungdomsskule er kome i gang. Samstundes har kommunen bygd nærmiljøanlegg og rehabilitert idrettsanlegg i bygdene i samarbeid med frivillige organisasjonar.

6. Den vidare utviklinga av Austevoll

Planstrategien gir klare føringar for kva område kommunen ønskjer å sette fokus på :

1. Arbeide for god folkehelse og god livskvalitet til innbyggjarane
2. Arbeide for gode opplevingar gjennom heile livsløpet til innbyggjarane
3. Arbeide for eit tryggare samfunn
4. Arbeide for å unngå klimautslepp og forureining
5. Heilskapelege planar
6. Arbeide for å ivareta og utvikle Austevoll som senter for maritim-, marin- og offshorenæring.
7. Utbetre veg og kollektivtransport

7. Kommuneplanen – samfunnsdel og arealdel

Kommuneplanen skal ta omsyn til mange tenesteområder som kommunen er pålagt å gjennomføre.

I arbeidet vil det vere viktig å trekke inn kunnskap, erfaring og ressursar. Spesielt viktig er det å tilpasse medverkadsprosessen.

Samfunnsdelen vil trekke fram folkehelsearbeid. Den vil gripe inn i alle arbeidsområda og styre alle planoppgåvene kommunen har. Ved å styre og implementere folkehelseperspektivet i planarbeid vil vi bidra til å utjamne sosiale skilnader, både som fysiske tiltak og i førebyggjande arbeid.

7.1 Livskvalitet – oppvekst og helse

Innafor fagområde ligg kommunens arbeid til barnehage, skule, helse – og omsorgtenester.

Kommunal helseprofil 2014 «God helse, felles ansvar» gir grunnlag for trender og utviklingstrekk i Austevoll. Det nye helsehuset knyt helsetenestane tettare saman og gir rom for betre samarbeid. Folkehelsearbeidet i kommunen handlar om førebygging og om å skape gode oppvekst- og levekår for alle innbyggjarar. Kommunestyret har vedtatt at *«god folkehelse er ei av kommunen sine sentrale oppgåver»*.

Kommune står overfor nye krav innanfor eldreomsorga, blant anna å ta i bruk velferdsteknologi. Det betyr at faglege forhold, som kompetanse, og tekniske forhold, som breibandskapasitet, må vere tilfredstillande og også bidra til å løyse framtidige behov.

Austevoll kommune har stor merksemd på folkehelse og ønskjer å sikre stadig høgare livskvalitet for innbyggjarane i Austevoll. Austevoll kommune har fleire planar innafor fagområda og nokre er under utarbeiding.

Utviklingstrekk:

- Aukande folketal innanfor alle aldersgrupper.
- Auka merksemd på folkehelse og stadig høgare livskvalitet for innbyggjarane.
- Teknologisk utvikling som gjer det mogleg å utføre arbeid på nye og smartare måtar.

Målsetting:

- Sikre gode offentleg tenester til stadig fleire innbyggjarar innanfor stramme økonomiske rammer.
- Sikre at tilsette har rett kompetanse og at det er gode arbeidstilhøve.
- Ta i bruk ny teknologi og løysingar som hjelper dei tilsette i arbeidet sitt og vil bidra til effektivisering.
- Utjamne sosiale ulikskap.
- Sikre meir tverrfagleg samarbeid på tvers av einingar og sektorar.
- Trygge læringsmiljø og opparbeide høg kvalitet i undervisninga, med godt læringsutbyttet og gode resultat.

Gjennomføring:

- Heimle tiltak i kommuneplanens samfunnsdel.

7.2 Kultur og opplevingar

Kultur, natur og idrett er område som skapar gode opplevingar for innbyggjarane i Austevoll. Kommunen skal bidra til at det er gode lokalsamfunn og miljø som fremje livskvalitet. Kommunen

legg viktige rammer for kulturell verksemd, og kan vere ein pådrivar for aktivitet. Saman med private aktørar, frivillige organisasjonar og lag er kommunen pådrivarar for fritids- og kulturtilbod i kommunen.

Utviklingstrekk:

- Austevoll har ein stor og mangfaldig frivillig sektor.
- Aukande krav til opplevingar og større behov for kommunal medverknad for å realisere prosjekt.

Målsetting:

- Bidra til gode økonomiske forhold for frivillige lag og organisasjonar, innanfor kultur, idrett og friluftsliv.
- Bidra til å gjennomføre satsingar innanfor området, blant anna knytt til vedlikehald av eksisterande anlegg, og bygging av nye anlegg.
- Bidra til å oppretthalde kulturaktivitetar og å legge til rette for meir mangfald.
- Ta vare på viktig kulturarv.
- Bidra til aktivitet basert på identitet og kultur i samarbeid i næringslivet

Gjennomføring:

- Gjennom budsjett og økonomisk langtidsplanlegging.
- Sikre tilstrekkeleg areal gjennom kommuneplanens arealdel. Heimle overordna målsettingar og tiltak i kommuneplanens samfunnsdel.

7.3 Eit trygt samfunn

Målet er god beredskap og høg oppleving av tryggleik hos innbyggjarane i kvardagen og i ekstremssituasjonar.

Det er utarbeida ein overordna plan for beredskap. Førebu kommunen på handtering av uønska hendingar gjennom bruk av tiltakskort for kvar uønska hending.

Ei utfordring er å sikre best mogleg samhandling med næringsaktørar, innbyggjarane og media i beredskapssituasjonar.

Brannvernet set fokus på framkomst til næringsområde, bustadar, fritidsbustader og naust. Eit utviklingstrekk er at brannvernet har behov for auka kapasitet til sløkkevatn i fortettingsområder, og i bustadblokker. Det stiller også andre krav til redningsutstyr som stigebil og hurtiggående båt.

Kommunen har gode rutinar innafor fagområdet og gjer ein innsats når uhellet først er ute. Kommune har satsa på kommunens brannvesen som gjer auka kapasitet. Likevel er hovudarbeidet førebygging og god samfunnsplanlegging.

Kommunen må arbeide for å betre rutinar for å sikre utbygging og at nye tryggleikstiltak følgjer kvarandre spesielt i områder med dokumentert påverkand av naturfarer eller ekstremvær.

Austevoll kommune skal ha god beredskap, med gode rutinar i kommuneorganisasjonen for å handtere beredskapshendingar. I revideringa av kommuneplan bør ein setje krav om samordning med overordna beredskapsplan.

Utviklingstrekk/utfordringar:

- Mangelfull ROS-analyse i gjeldande kommuneplan, m.a. knytt til ROS-vurdering av sjøareal og aktivitetar til sjøs.

- Trong for å auke kapasitet for sløkkevatn i fortettingsområde og i nye bustad- og næringsområder.
- Blanding av ulike arealformål i same område, t.d. fritidsbusetting og industri, og utfordringar og risiko knytt til dette.
- Tilkomst til mange naustområde, fritidsbustadar, næringsområder er dårleg, med låg vegstandard og andre hindringar.
- Ekstremvær og naturfarar har økt fokus og skal vere synleg planleggingsarbeid.

Målsetting:

- Sikre at me har godt drikkevatn og at det er kapasitet til den framtidige veksten innafør folketal og næringsaktivitet.
- Sikre at det nok kapasitet og belegg til sløkkevatn og at det vert følgd opp i kommunens planlegging.
- God beredskap med gode rutinar for å handtere beredskapshendingar.
- Naturfare og ekstremvær er ein del av kommunens forvaltings- og beredskapsområde.

Gjennomføring:

- Revidere kommune-ROS.
- Kartlegge områder der det er risiko for akutt forureining og brann- og eksplosjonsfare i nærleiken av tettstadeane.
- Kartlegge drikkevatnreservoar og korleis ein sikrar auka etterspurnad etter vatn til innbyggjarar og næringsliv.
- Kartlegge kummar og hydrantar for sløkkevatn og sikre framtidig behov.
- Gjennom god planlegging redusere og førebygge kriminalitet.
- I samarbeid med politiet sikre at barn og unge har trygge oppvekstkår og at det vert jobba systematisk for å avdekke og følgje opp kriminalitet mot barn og unge.
- Gjennom førebygging og god samfunnsplanlegging minimere risikoen for konflikt innafør beredskapsområdet.
- Kartlegging av potensielle områder med naturfare og legge dei inn i kommunens planverktøy og gjere dei synlege til publikum.

7.4 Austevoll som senter for maritim, marin og offshore næring

Austevoll har positivt fortrinn med ei samansett næring, basert på fiskeri, oppdrett og offshore — og næringslivet har høg og unik kompetanse innanfor desse næringane. Kommunen har óg verksemder som er underleverandørar til desse og er spesialistar på sine fagfelt.

Kommunen er ein aktiv samarbeidspart med næringslivet. Austevoll har stort potensial til å vidareutvikle opplevingar knytt til fiskerinæringane, mat, overnatting, friluftsliv og kultur. Prosjekt Blått kompetansesenter er eit prosjekt for innovasjon og for at dei blå næringane skal utvikle eit endå betre samarbeid med skulane, forskning og styrke kompetansemiljøa innan dei blå næringane. Austevoll vidaregåande skule, fagskulen og Havforskningsinstituttet er viktige brikkar i dette arbeidet.

Utviklingstrekk/utfordringar:

- Lågare aktivitet og sysselsetting innanfor petroleumsrelatert næringsliv.
- Auka behov for kapasitet til breibånd for verksemder som nyttar digitale løysingar.
- Trong for landsstraum.
- Behov for å meir sjøareal for å auka kapasitet til større anlegg for havbruksnæringa.
- Behov for areal som har tilkomst til sjø for marin og maritim næringar.
- Halde fast på viktige områder for landbruks- og skogbruksnæringane.
- Auka fritidsturisme og krav til kvalitet på overnattingstilbod, opplevingar og handelsnæringa.
- Gjer det mogeleg å oppretthalde busetnad, kultur- og naturmiljø og næringen.

Målsetting:

- Legge til rette for ytterlegare vekst og utvikling innan dei blå næringane , og slik halde på og auke sysselsettinga i kommunen.
- Fortsette samarbeidet med regionale, lokale råd og næringsaktørar.
- Etablere Blått kompetansesenter med driftsorganisasjon og byggje eit kompetansesenter.
- Stimulere til bedrift etableringar og auka næringsaktivitet.

Gjennomføring:

- Utarbeide kommunal strategisk næringsplan i samarbeid med næringa.
- Realisere Blått kompetansesenter.
- Fortløpande arbeide tett med lokale og regionale råd og aktørar.

7.5 Arealforvaltning

God arealforvaltning er ei viktig oppgåve for å legge til rette for eit lågutsleppsamfunn som samordnar og tar i vare krav om arealeffektivisering, og samordning av skule-, helse- og transportsystema i kommunen. Planlegging med langsiktlege og tydelege planar gjer det enklare for innbyggjarar og utviklarar å etablere seg i kommunen. Planar som er basert på fakta og kjent kunnskap er med å gjere avgjersle- og søknadsprosessar enklare for alle.

Bustaden verker og inn på helsa vår. Det er kommunens ansvar å sjå til at det vert bygd bustadar og tenestetilbod i alle livsfasar.

Austevoll er ein stor hyttekommune. Etterspurnaden etter fritidsbustad er stabil og Austevoll kommune har ca. 1.300 fritidsbustader (1055 betalande renovasjonsgebyr som fritidsbustad). Vi har ein aukande etterspurnad på helsetenster frå hytteeigarar. Det er potensiale for at fleire ønskjer bruksendring frå fritidsbustad til bustadhus i framtida. Vi har ein aukande etterspurnad etter helsetenster frå fritidsbuande. Det er potensiale for at fleire ønskjer bruksendring frå fritidsbustad til bustadhus i framtida. Det er behov for tydelegare klargjering av krav og omgrep rundt naust, nærings- og turistformål, fritidsbustad ved sjø, rorbuer og hytter. Byggeaktiviteten er stabil og det behov for å kartlegge og dokumentere areal og tilkomst til sjø- og friluftsområda, slik at aktivitetar ikkje er i konflikt med kvarandre.

Forventningane blant næringsaktørar og innbyggjarane er høg. Næringslivet er spesialisert og verksemdene nyttar digitale løysingar. Derfor må det sikrast eit godt, utbygd breibånd og sørgje for

stabil kapasitet på vatn og straum. Samstundes bør vi sjå på utbygging og infrastruktur i lag med kvarandre gjennom heilskapleg arealplanlegging.

Utviklingstrekk/utfordringar:

- Folkevekst, økt tilflytting frå andre land og aldrande befolkning er viktige faktorar som påverkar framtidig arealplanlegging. Desse utviklingstrekk er igjen knytt til utfordringar på fleire sektorar som folkehelse, omsorgstenester, samfunnsutvikling og sosial infrastruktur.
- At det skal leggest til rette for kompakte tettstader gjennom å bygge rekkehus og mindre blokker i tettstadene Bekkjarvik og Storebø.
- Det er uklare føringar for bruk og oppføring av naust, næring- og turistformål, hytter, fritidsbustad, sjøhytter, utleienaust og robu.
- Auka press og endra bruk av strandsona i fortettingsområda og i områder med formål sett av til nærings- og turistformål, naust og fritidsbustad.
- Auka ønskje om fortetting i LNF – områder.
- Sikre nok kapasitet til bruk av digitaliserte tenester og breiband, vatn og straum.
- Folk som ikkje er heimebuande i kommunen som har ein fritidsbustad forventar å få tilrettelagt offentlege tenester medan dei er i kommunen. Det har store økonomiske konsekvensar for Austevoll kommune.
- Auka byggeaktivitet transformerer landskapet og det har konsekvensar for kulturmiljø og identitet til dei busette.
- Kommunen har lite og gamal dokumentasjon på lokale, regionale og nasjonale kulturminner.
- Forsvarets behov for øvingsområde vert ivaretatt i plan, som nasjonal interesse.
- Implementere områder definert som fareområder i arbeidet med arealplan og revideringa av ROS- analysa.

Målsetting:

- Implementere kartleggingar i revideringa av kommuneplan.
- Digitalisere sakshandsamingssystem knytt til plan- og byggesakar.
- Samhandle på tvers av sektorane for å møte framtidige utfordringar med tanke på fortetting, auka folketal og å sikre tilgjengelege kommunale tenestar.
- Tydeleggjere og setje fast tenelege byggegrensar mot sjø i kommuneplanen.
- Å skape kompakte tettstader og fortettingsområder.
- Sikre tilkomst til sjø i tettstadene og bygdene.
- Sikre tilkomst og trygge skuleveggar for born og unge.
- Avklare kva kommunen kan pålegge private utbyggjarar av ansvar gjennom utbyggingsavtaler.
- Kartlegge viktige lokale, regionale og nasjonale kulturminner, og sikre vassforvaltning i kommunen gjennom samarbeid med regionale mynde og private driftsselskap.
- Kartlegging av brukmønster for fritidshus.

Gjennomføring:

- Utarbeide nye og meir tenelege føresegner i kommuneplanen.
- Sikre tilkomst til sjønære friluftsområde i eller nær tettstader og bygder.
- Kartlegge areal- og ressursbehov.
- Gjennomføre vareoppteljing av eksisterande bustadsområder og behovet/ grunnlaget for nye.
- Kartlegge noverande bruk av sjøareal og framtidig behov.
- Kartfeste areal som egna for reiseliv, fiskeri, maritim, marin, skog, landbruk m.v.
- Kartlegge framtidig og estimere behov for breiband og infrastruktur knytt til næringsutvikling, kvardagsteknologi i eldreomsorga, skule og privat bruk.
- Utarbeide ei kommunal vegforskrift.
- Kartlegge lokale kulturminner slik det går fram av kulturminneplanen.
- Kartlegge konsekvensar av auka fritidsbustadbygging og kva verknad det har for kommunen som tenesteytar når fleire med fritidsbustad har behov for helse- og omsorgsteneser når dei oppheld seg i Austevoll.

7.6 Miljø og klima

Menneskeskapte klimaendringar er den største trusselen verda står overfor. Det betyr at klimautslepp i verda må reduserast, og at alle må bidra til dette. Austevoll kommune skal ta omsyn og iversette klima og miljøvenlege løysningar i verksemda si. Det er behov for samarbeid mellom ulike sektorar og fagkompetansar i arbeidet med å sikre gode løysningar i arbeidet med kommuneplan.

Omsyn til miljø og klima bør vurderast med tanke på nye utbyggingar. Kommunen skal i arealplanlegginga ta omsyn til scenario og hendingar som ekstremvêr, havnivåstiging og auka nedbørmengder. Det gjeld særleg med tanke på nye byggetiltak som veg, fortetting av bustad- og fritidsbustadsområder, og næringsområder. Nye klima- og miljøvenlege løysningar krev at areala i kommunen vert vurdert med omsyn til klima, miljø, beredskap og samfunnstryggleik.

Det er behov for omfattande utbetringar på vegnettet, og fleire samanhengande gang- og sykkeltrasear, særleg for å sikre trygg skuleveg. Det kan vere behov for å revidere trafikksikringsplanen slik at den er eit godt grunnlag for arbeidet med å utvikle kollektivtransport og vegsystemet i kommuneplanarbeidet.

Næringslivet har behov for sikker og rask breibåndkapasitet og straum. Kommunen ønskjer å samarbeide tett med næringa og Austevoll kraftlag. Nye utfordringar er til dømes behov for landstrøm ved landligge og kommunen må vurere auka behovet for kapasitet.

Hovudnæringa i kommunen er knytt til marin og maritim næring. Kommunen ønskjer å samarbeide tett med næringa for å løyse behov og utfordringar næringslivet har. Eit viktig utviklingstrekk er at næringslivet har stadig behov for areal for å vekse og utvikle seg.

Utviklingstrekk/utfordringar:

- Mangelfull ROS-analyse i gjeldande kommuneplan, m.a. knytt til vurderingar av nærings- og byggeområder nær sjø og areal i sjø nytta til næring som vil vere utsette for ekstremvêr, ras, overflatevatn m.m.
- Mangelfull totaloversikt over privat og offentleg kloakkledningsnettet og utslepp.
- Behov for auka infrastrukturkapasitet (veg, breibånd, straum, vatn og avlaup) på grunn av auka innbyggjartall og auka aktivitet i næringslivet.
- Behov for auka avfallshandtering, derav ny og større miljøstasjon.
- Behov for å sikre meir areal i sjø for havbruksnæringa.

- Auka behov for landstraum og bruk av ny teknologi for maritim og marine næringer.
- Behov for å utvikle kollektivtransportsystem grunna fortetting og endra reisemønster.
- Offentleg tilkomst til friluftsområder og strandsona

Målsetting:

- Sikre at kommunen har kapasitet til å utvikle framtidig drift og å ta i bruk nye teknologiløysningar.
- Sikre gode klima- og miljøløysingar innanfor avfallshandtering for innbyggjarane, fritidsbustader, næringane og besøkande.
- Utvikle gode og fleksible kollektivtransportløysningar.
- Ta omsyn til ekstremvêrprognosar i kommuneplanarbeidet.
- Etablere system og kunnskapsgrunnlag ved inngrep i naturen for betre å handtere interessekonfliktar.

Gjennomføring:

- Kartlegge areal- og ressursbehov innafor bustadområder, fritidsområder og utviklingsbehov for maritim og marin næringar i samband med kommuneplan.
- Samarbeide med Sunnhordaland interkommunale miljøverk (SIM) om gode løysingar for avfallshandtering og miljøretta tiltak.
- Revidere vatn- og avløpsforskrifta i samarbeid med Austevoll vatn og avløp.
- Arbeide med haldningsskapande trafikktiltak i samarbeid med barnehagar, skule og frivillige organisasjonar og revidere trafikksikringsplanen ved behov.
- Kartlegge reisevaner og framtidig bruk av kollektivtransport, gang og sykkelveggar og veg i samband med kommuneplan, blant anna gjennom ei eiga samferdsleutgreiing.
- Gjennom kommuneplan sikre og samordne arealplanløysingar som tek omsyn til ekstremvêrprognosar og beredskapsbehov.
- Kartlegge friluftsliv, natur- og kulturmiljø i samband med kommuneplanarbeid.

7.7 Utbetre veg og kollektivtransport

Austevoll har utfordringar innan samferdsleområda. Vegnettet i kommunen har lav standard og hemmar kommunikasjonen mellom tettstadane, bygdene, nærings- og utbyggingsområder og hamner. Det ikkje sammanhengande gang- og sykkelveggar mellom utbyggingsområde og tettstader. Trafikkutviklinga i begge ferjesambanda er aukande, både med tanke på passasjerar og køyretøy. Kommunen har stor turistauke i sommarsesongen, som gjer ytterleg vekst i biltrafikken og skapar fleire farlege situasjonar.

Utviklingstrekk/utfordringar:

- Det er behov for betre ferjetilbod og fortløpande betring av rutetilbodet i tråd med trafikkveksten.
- Opprusting av vegnettet, og gjennomføring av viktige trafikksikringstiltak.
- Betring av buss- og snøggbåttilboda.
- Gamle private veggar vert nytta som adkomst til store bustadsområder. Det gjev stor slitasje på veg og skapar trafikkfarlege situasjonar.

Målsetting:

- Etablere hyppige ferje- og snøggåttavgangar.
- Etablere eit meir fleksibelt kollektivsystem, både internt i kommunen og for reisande til og frå Austevoll.
- Arbeide for å få rehabilitert og utbetra vegar.
- Gjennomføre samferdsleutgreiing og lage ein vegstrategi i lag med fylkeskommunen og vegmynde.
- Sikre skulevegen.
- Legga til rette for bruk av gang- og sykkelveg, stiar og tråkk i bustadområder, bygder og fortettingsområder.
- Sikre tilkomstveg og parkeringsplassar til bade- og utfartsområder.

Gjennomføring:

- Utarbeide ein strategiplan for veg, gang- og sykkelsti og kollektivtransport.
- Vurdere å revidere trafikksikringsplanen.
- Utarbeide samferdsleutgreiing i lag med Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.
- Vurdere Austevollspakken for å utbetre vegnettet som delvis er bompengefinansiert.
- Utarbeide kommunal vegforskrift etter rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser.

8. Prosess og opplegg for medverknad

Austevoll kommune ønskjer ein open, bred og tilgjengeleg medverknadsprosess ved å bruke prinsippet om «*meir offentlegheit*». Dette vil vi gjere ved å :

- Gje informasjon til innbyggjarane gjennom interaktive media (nettsider, aviser).
- Skape møteplassar for samtale og innspel etter modell «*Plankafe*».
- Invitere lag og organisasjonar og vere tilstade for næringslivet med informasjon.
- Ta i bruk etablerte valte utval som elevråd, eldreråd, råd for dei med nedsett funksjonsevne, ungdommens kommunestyre.

Planprogram

Arbeidsgruppe : Ordførar, rådmann, konsulent overordna plan, plan- og byggesakssjef

Styringsgruppe: Ordførar og gruppeleiarane i KS

Samfunnsdelen

Arbeidsgruppe: Ordførar, kommunalsjefane og konsulent overordna plan.

Styringsgruppe: Ordførar og gruppeleiarane i KS

Arealdelen

Arbeidsgruppe: Ordførar, rådmann, konsulent overordna plan, konsulent plan og plan- og byggesakssjef

Styringsgruppe: Ordførar og gruppeleiarane i KS

Tidsplan, sjå vedlegg.

9. Konsekvensutgreiing.

Gjeldande forskrift frå oppstart av planprogrammet (FOR-19-12-2014) skal nyttast.

Konsekvensutgreiing skal vere ein intregret del av planprosessen etter plan- og bygningsloven. Det skal gjerast greie for overordna konsekvensar av endring av areal og føresegn som vert lagt fram.

Etter utgreiing- og analysearbeidet vil kommunen ha eit godt kunnskapsgrunnlag. Det kan vere at nokre av dei nye opplysningane er i openbar konflikt med overordna interesser. Då vil det gje utslag i behov for ei vurderinga av konsekvensane tiltaket gjer.

På grunnlag av revideringa av kommuneplanen kan det vere behov for konsekvensanalyse for følgjande fagområder:

AREAL:

- Store byggeområder
- Behov for nye skoler, bygg til eldreomsorga og barnehagar
- Sjøområde
- Tiltak i strandsona
- Dyrka, dyrkbar mark og skog
- Naturmangfold, sårbare eller truga marint eller terrestrisk dyre- og planteliv

INFRASTRUKTUR

- Vatn, straum og avløp (rensekapasitet i sjø og vatn)
- Breibånd
- Veg og vegnett

BARN OG UNGES OPPVEKSTVILLKÅR

- Tilrettelegginga av nærområder
- Viktige uteareal og avstand til leikeplass

MILJØ OG KLIMA

- Skader på areal, bygg, anlegg og konstruksjonar grunna ekstremvær
- Områder som kan vere eit naturfareområde etter NVE definisjon
- Ureining til jord, luft, vatn
- Støy
- Utslipp frå fartøy, industri og anna verksemd

KULTURMINNER OG KULTURMILJØ

- Areal med lokale, regionale og nasjonal kulturminneverdiar, kulturmiljø og landskapsidentitet